

## Møteprotokoll

### Kviteseid kontrollutval

Dato: 25.10.2017 kl. 17:00 – 20:30  
Stad: Morgedal hotell  
Arkivsak: 17/00041

Til stades: Leiar Steinar Torsdalen, nestleiar Kari Moen, medlem Terje Nekstad, sekretær Marianne Lundeberg, oppdragsrevisor Hilde Vatnar

Møtande  
varamedlemmer:

Fråfall:

Andre: TKR IKS v/ Dag Oftung, Kvito AS v/ Svend Helge Aanonsen og Olav Godtland, Ordførar Tarjei Gjeldstad

Protokollfører: Marianne Lundeberg

Sakskart	Side
<b>Møteinnkalling</b>	
<a href="#">4/17</a> 17/00041-22 Godkjenning av møteinnkalling 25.10.2017	3
<b>Møteprotokoll</b>	
<a href="#">4/17</a> 17/00041-21 Godkjenning av protokoll 18.09.2017.	4
<b>Saker til behandling</b>	
<a href="#">21/17</a> 16/13019-6 Selskapskontrollrapport - Brannvernssamarbeidet i Vest Telemark IKS - og forvaltningsrapport - sjølvkost på feietenester - Kviteseid kommune	5
<a href="#">22/17</a> 17/14439-1 Orientering frå Kvito AS	7

---

---

Morgedal, 25.10.2017

Kontrollutvalsleiar  
Steinar Torsdalen

Sekretær  
Marianne Lundeberg

## **Møteinnkalling**

### **4/17 Godkjenning av møteinnkalling 25.10.2017**

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Kviteseid kontrollutval	25.10.2017	4/17

Forslag frå sekretariatet:

Møteinnkalling 25.10.2017 vert godkjend.

### **Møtehandsaming**

Møteinnkalling 25.10.2017 blei lagt fram for godkjenning.

### **Votering**

Samrøystes.

### **Vedtak**

Møteinnkalling 25.10.2017 vert godkjend.

## **Møteprotokoll**

### **4/17 Godkjenning av protokoll 18.09.2017.**

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Kviteseid kontrollutval	25.10.2017	4/17

Forslag frå sekretariatet:

Protokoll 18.09.2017 vert godkjend.

### **Møtehandsaming**

Protokoll 18.09.2017 blei lagt fram for godkjenning.

### **Votering**

Samrøystes.

### **Vedtak**

Protokoll 18.09.2017 vert godkjend.

## **Saker til behandling**

### **21/17 Selskapskontrollrapport - Brannvernssamarbeidet i Vest Telemark IKS - og forvaltningsrapport - sjølvkost på feietenester - Kviteseid kommune**

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Kviteseid kontrollutval	25.10.2017	21/17

#### **Forslag frå sekretariatet:**

Kontrollutvalet tek Selskapskontrollrapporten «Brannvernssamarbeidet i Vest Telemark IKS – Kviteseid kommune» og forvaltningsrevisjonsrapporten «Sjølvkost på feietenester – Kviteseid kommune» til vitande.

#### **Tilråding til kommunestyret:**

selskapet bør:

- gjere konkrete vurderingar kor stor del av dei ulike felles administrative kostnadane kan knytast til høvesvis førebyggjande arbeid og feietenestene. Vurderingane bør bli dokumenterte.
- i større grad gi informasjon om grunnlaget for sjølvkostberekninga i selskapet.
- sjå til at opplysningane om styret i Enhetsregisteret blir oppdatert, at formelle krav om innhald i årsmeldinga blir følgt og at kommunane blir fakturert i samsvar med selskapsavtalen.

kommunen bør:

- stryke memoriakonto i samband med tidlegare års underskott på feietenestene og sette overskot frå 2015 og 2016 på sjølvkostfond – feietenester.

#### **Møtehandsaming**

Telemark kommunerevisjon IKS v/ Dag Oftung la fram selskapskontrollrapport – «433 006 Brannvernssamarbeidet i Vest-Telemark IKS – sjølvkost» og forvaltningsrapport «433006-2 Sjølvkost på feietenester - Kviteseid kommune».

Kontrollutvalet endra vedtaket frå forslag til vedtak i punktet under kommunen bør: punkt om : memoriakonto i samband med tidlegare års underskott på feietenestene og sette overskot frå 2015 og 2016 på sjølvkostfond – feietenester. «vurdere å stryke» ble lagt til dette punktet.

#### **Votering**

Samrøystes.

### **Vedtak**

Kontrollutvalet tek Selskapskontrollrapporten «Brannvernssamarbeidet i Vest Telemark IKS – Kviteseid kommune» og forvaltningsrevisjonsrapporten «Sjølvkost på feietenester – Kviteseid kommune» til vitande.

Tilråding til kommunestyret:

selskapet bør:

- gjere konkrete vurderingar kor stor del av dei ulike felles administrative kostnadane kan knytast til høvesvis førebyggjande arbeid og feietenestene. Vurderingane bør bli dokumenterte.
- i større grad gi informasjon om grunnlaget for sjølvkostberekninga i selskapet.
- sjå til at opplysningane om styret i Enhetsregisteret blir oppdatert, at formelle krav om innhald i årsmeldinga blir følgt og at kommunane blir fakturert i samsvar med selskapsavtalen.

kommunen bør:

- vurdere å stryke memoriakonto i samband med tidlegare års underskott på feietenestene og sette overskot frå 2015 og 2016 på sjølvkostfond – feietenester.

## **22/17 Orientering frå Kvito AS**

Handsama av	Møtedato	Saknr
1 Kviteseid kontrollutval	25.10.2017	22/17

Forslag frå sekretariatet:

Saka vert teken til vitande.

### **Møtehandsaming**

Kontrollutvala i kommunane i Kviteseid, Tokke, Vinje og Nissedal fikk ei orientering frå dagleg leiar Sven Aanonsen i Kvito AS, om framtidsplanar og det daglege virke. Styreleiar Olav Godtland var tilstades i saka.

### **Votering**

Samrøystes.

### **Vedtak**

Saka vert teken til vitande.